



RETNINGSLINER FOR PRAKTISERING AV LOV OG FORSKRIFT OM MOTORFERDSEL I UTMARK I SURNADAL KOMMUNE

Formålet med retningslinene er å følgje opp intensjonane i det nasjonale regelverket for motorferdsel i utmark, og leggje til rette for god saksbehandling innanfor dette feltet i Surnadal kommune.

Dette inneber særleg forutsigbarheit og likebehandling. Retningslinene skal òg bidra til at lovlege transportføremål – i tillegg til ferdsel som har direkte heimel i motorferdsellova § 4 – kan gjennomførast utan å skade naturmiljøet eller kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv. Ved grove brot på reglane kan kommunen trekkje tilbake løyvet.

I følgje § 3 i «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag» (motorferdsellova) er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate, med mindre det er omtalt som tillate i sjølve lova – eller i vedtak som har heimel i lova. Regelverket har ikkje som mål å hindre naudsynt ferdsel til anerkjente nytteføremål, men skal regulere unødvendig og fornøylespreget ferdsel.

«Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag», «Forskrift om endring i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag», samt rundskriva T-1/96 og T-6/09 utdjuar føresegna i lova.

Nedanfor følgjer ei skildring av kva reglar som gjeld for behandling av søknad om dispensasjon for motorferdsel i utmark og vassdrag i Surnadal kommune, og kva føremål som er tillatne utan at det må søkjast om det.

I motorferdsellova, forskriftene og rundskriva går det fram i kva tilfelle kommunen kan innvilge dispensasjon. I dei tilfella der det er rom for skjønn, gjev regelverket òg føringar for korleis kommunen skal utøve skjønn ved behandling av søknader.

Søknad om transport med snøscooter på snødekt mark.

Etter skriftleg søknad kan kommunen gje løyve etter motorferdselsforskrifta § 5 a–f til følgjande føremål:

1 Leigekøyring med snøscooter i regi av fastbuande (§ 5 bokstav a)

Leigekøyrar kan påta seg oppdrag som inneber transport mellom bilveg og hytte, tilsyn med privat hytte etter oppdrag frå eigar, transport for massemedia på reportasjeoppdrag, transport av funksjonshemma, transport av ved og transport etter dispensasjon etter forskrifta § 6.

Ervervsmessig transport (leigekøyring). Nasjonal forskrift, § 5, første ledd bokstav a.

Kommunen er delt inn i desse sonene med angitt tal løyve:

Område:

1. Totalen – 1

2. Strengen/Syltnebbå/Kvenndalen/Østbødalen – 1
3. Stangvik – 1
4. Vindøldalen – inntil 4
5. Folldalen – 1
6. Østre Nordmarka – inntil 2
7. Vestre Nordmarka – inntil 2
8. Bæverdalen – inntil 2
9. Bæverfjord/Åsskard/Sollislett/Bøfjorden – 1

Personar med slikt løyve får køyre naudsynt tal turar per vintersesong. Dei som har slikt løyve skal, så langt råd er, ta på seg transportoppdrag for andre både i helg og kvardag. Innehavar av løyve er ansvarleg for at vilkår og anna regelverk vert overhalde. Dersom innehavar er eit firma, foreining eller liknande, er leiar ansvarleg.

Liste over leigekøyrarar vert marknadsført på kommunen si heimeside. Kommunen forbehold seg retten til å vurdere om søkaren er skikka til formålet.

Dispensasjon kan givast for ein periode på inntil fem sesongar.

2 Funksjonshemma med varig rørslehemming (§ 5 bokstav b)

Dersom søknaden gjeld transport på grunn av funksjonshemming, skal legeattest som dokumenterer varig rørslehemming leggjast ved. Skjema for legeattest finst på kommunen si heimeside.

Dispensasjon kan givast for fritt tal turar med snøscooter frå parkering til eiga hytte, leigd hytte og/eller hytter i nær familie.

Det kan òg innvilgast eit avgrensa tal turar til bestemte turmål langs kartfesta trasé.

Det vert då utstedt køyrebevis med merka trasé, som er personleg og må medbringast ved all transport av den funksjonshemma.

Rørslehemming som skuldast mellombels sjukdom eller skade gjev ikkje grunnlag for dispensasjon etter denne føresegna.

Dispensasjon kan givast for ein periode på inntil fem sesongar.

3 Transport av bagasje og utstyr til eiga hytte, og leigd hytte (§ 5 bokstav c)

Føresegna gjeld for søkjar, eigar av hytte og dennes næraste familie (ektefelle, barn, barnebarn og svigerbarn). Føresegnene gjeld òg i tilfelle der det er leigd hytte. Dette skal dokumenterast med leigekontrakt ved åremålsleige eller langtidsleige.

Det kan gjevast dispensasjon for eit uavgrensa tal turar med snøskuter til eiga hytte, eller hytte tilhøyrande næraste familie. Dette gjeld òg ved langtidsleige/åremålsleige. Reine persontransporter er ikkje tillatne. Personar kan sitje på, så lenge dette ikkje fører til ekstra turar.

Ved innvilga dispensasjon blir det utsendt eit køyrebevis som må takast med ved køyring. Det skal innehalde vedteken trasé og personopplysningar. Dette erstattar den tidlegare køyreboka, som kravde føring av turar før turen starta.

Dispensasjon kan gjevast for ein periode på inntil fem sesongar.

4 Køyning i utmarksnæring for fastbuande (§ 5 bokstav d)

Løyve kan gjevast til køying i samband med næringsverksemd i utmark knytt til gardsbruk. Det kan krevast dokumentasjon på inntekt frå utmarksnæring. Det kan ikkje gjevast løyve til køying i utmarksnæring der sjølv transporten er produktet som vert selt, til dømes snøskutersafari.

5 Transport av ved (§ 5 bokstav e)

Føresegna gjeld vedtransport som ikkje skal førast frå eiga eigedom og til eigen bustad (som er tillate utan søknad i følgje motorferdsleforskrifta § 3).

Transport av ved blir rekna som ein kurant grunn for dispensasjon.

6 Gruppeturar for bebuarar ved helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller personar med nedsett rørsleevne.

Turen må vere i regi av helse- og omsorgsinstitusjon eller ideell organisasjon.

Løyve kan berre gjevast for snøskutertransport til bestemte turmål, langs nærare fastsette traséar og for ein avgrensa periode.

Søklar må oppgje ein hovudansvarleg for turen.

7 Søknad om bruk av motorkøyretøy til generell utmarksnæring

Kommunen kan, etter motorferdsleforskrifta § 5a, gje løyve til bruk av motorkøyretøy til transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring. På barmark skal slik køying følgje traktorveg. Reine persontransporter i samband med utmarksnæring er forbode. Som utmarksnæring reknast drift av utleigehytter, næringsmessig hausting av naturgode, turist- og reiselivsnæring, leiting og undersøking av mineralske ressursar m.m.

8 Søknad om bruk av luftfartøy i utmark (f.eks. helikopter)

Dispensasjon for start og landing med luftfartøy i utmark kan gjevast etter motorferdsellova § 6. Sjølv flyginga er ikkje regulert av lova. For at kommunen skal kunne gje løyve, må søkjaren ha eit særleg behov som ikkje kan dekkjast på annan måte. Behovet skal vurderast opp mot mogleg skade og ulemper, med utgangspunkt i målet om å redusere motorferdsel i utmark og vassdrag til eit minimum. Turkøyning er ikkje eit godkjent føremål. Helikoptertransport av materiale og utstyr, med grunnlag i godkjend byggeløyve, skal kunne innvilgast dersom det blir vurdert som naudsynt.

9 Skispor

Preparering av skiløyper skjer med heimel i § 3e i nasjonal forskrift. Prepareringa skal utførast av kommunen, idrettslag, hjelpekorps, turlag eller turistbedrifter, og løypene skal vere opne for allmenta eller nyttast til konkurransar. Reglane i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn for å unngå konflikt med sårbare naturtypar og artar av fugl og vilt. Oppkøyning av skispor i verneområde skal avklarast med forvaltningsstyresmakta.

10 Søknad om bruk av motorfartøy (motorbåt)

Kommunen kan gje dispensasjon etter motorferdsellova § 6 til køyring med båt med forbrenningsmotor eller elmotor på vatn som er mindre enn 2 km². For at kommunen skal kunne gje løyve, må søkjaren ha eit særleg behov som ikkje er knytt til turkøyring og som ikkje kan dekkjast på annan måte. Behovet skal vurderast opp mot mogleg skade og ulemper, med utgangspunkt i målet om å redusere motorferdsel i utmark og vassdrag til eit minimum.

11 Barmarkskjøring

Søknader om barmarkskjøring skal vurderast særst strengt. Løyve kan berre gjevast dersom det ligg føre eit særleg transportbehov som ikkje kan dekkjast på annan måte. Traséen det blir søkt om å køyre på, må vere eigna for køyring, til dømes oppgrusa sti, traktorveg eller liknande. Myrområde blir ikkje rekna som eigna.

12 Handsaming av søknader

Søknad om bruk av barmarkskjøretøy (ATV, gravemaskin, minigravar m.m.) og andre søknader etter motorferdsleforskrifta § 6 blir handsama av administrasjonen i Surnadal kommune.

Kommunen utferdar dispensasjonsbevis. Beviset inneheld opplysningar om trasé, varigheit og lovheimel. Beviset skal takast med under køyring og visast fram ved kontroll. Kontroll kan utførast av politimynde.

Når det gjeld traséar for snøskutertransport, ønskjer Surnadal kommune i størst mogleg grad å avgrense den motoriserte ferdsla i utmark til fastsette traséar. Det vil bli gjeve dispensasjon for kortast mogleg trasé, der det er mogleg med tanke på islagde vatn.

13 Avgrensningar

Dispensasjon for snøskutertransport etter 20 april, eller 2 påskedag om det fell på en seinare dato, gjes kun i særlege tefeller.

Helikoptertransport skal unngås i perioden 1 april til 15 juli. Føremålet med denne avgrensinga er å ta vare på dyrelivet i ein periode der fleire artar byrjar å få ungar og er ekstra sårbare.

Det er ikkje tillatt å kjøre på kvelds- og nattetid mellom kl. 23:00 og 06:00

Motorferdsel i utmark som er tillatt uten søknad

14 Barmarkskjøring som er tillaten utan søknad (i hht. lovens § 4 og forskriftens § 2)

- politi, ambulanse og redningsteneste
- offentlig oppsyns- og tilsynsteneste
- nødvendig person- og godstransport til og frå faste bustader og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring (jakt, fangst, fiske og børsanking blir ikkje rekna som næring i denne samanhengen)
- Forsvaret sine øvingar, forflytningar og transportoppdrag
- anlegg og drift av vegar og større anlegg
- transport av jaktutbyte ved jakt på elg og hjort
- offentlig post- og teleteneste
- nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi
- nødvendig transport i samband med anlegg og drift av vegar og større anlegg

15 Køyring på snødekt mark som er tillaten utan søknad (i hht. forskriftens § 3)

- Nødvendig transport for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader, skiheisar m.m.) som ikkje ligg til brøyta bilveg
- Transport av materiale, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggeløyve
- Opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for allmenta og for konkurransar, når det blir utført av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter
- Nødvendig transport ved vitenskaplege undersøkingar etter oppdrag frå forskingsinstitusjonar
- Nødvendig transport av ved frå eiga eigedom til fast bustad
- Praktisk køyreopplæring på nærare fastsette område ved obligatorisk opplæring for snøskuterførarar
- Nødvendig søk etter skada storvilt utanom ordinær jakt, når søket skjer i regi av kommunen

16 Bruk av motorbåt som er tillaten utan søknad (i hht. lovens § 4)

Ferdsel med motorbåt er tillaten utan søknad på innsjøar som er 2 km² eller større. Ferdsel er òg tillaten utan søknad på elvestrekningar og på innsjøar mindre enn 2 km², når desse inngår som ein del av eit farbart vassdrag. Kommunen kan likevel fastsetje at slik ferdsel heilt eller delvis ikkje skal vere tillaten.

17 Bruk av helikopter som er tillaten utan søknad

Landing og start med helikopter er tillaten i samband med ei rekkje føremål, til dømes:

- politi, ambulanse og redningsteneste
- offentleg oppsyns- og tilsynsteneste
- Forsvaret sine øvingar, forflytningar og transportoppdrag

Søknadsskjema

Elektronisk søknadsskjema finst på heimesida til Surnadal kommune.

Delegasjon – Lov om motorferdsel i utmark § 6:

Avgjerdsmynde: Følgjer Surnadal kommune sitt delegasjonsreglement.

Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag §§ 5, 5a, 5b og 6:

Avgjerdsmynde er delegert frå kommunestyret til administrasjonen

Varigheit: Desse retningslinjene gjeld til 1. desember 2030.